

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

Sigbjørn Framnes (FRP) sette på vegner av FRP, H fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget går attende til ein modellen med fritt skulevalg for heile Vestland og ber administrasjonen fram ny sak om dette for inntaksåret 2022/23.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (FRP, FNB, H, UA) og fall. Innstillinga vart vedteke mot 7 røyster (FRP, FNB, H, UA).

Innstilling til fylkestinget

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».
2. Fylkestinget viser til Hurdalsplattformen der det blir slått fast at fylkeskommunane sjølve skal avgjere modell for opptak til vidaregåande opplæring i eige fylke. Utvalet ønskjer difor å vidareføre dagens 8 inntaksområde med tilhøyrande matriser.
3. Fylkestinget viser til ynemda sitt vedtak og støtter opp om at nærskulemodellen jamnleg må evalueraast for å sikre at modellen fungerar på best mogleg måte. Utvalet ønskjer å opne for ei større evaluering av modellen og inndelinga i inntaksområde på eit seinare tidspunkt og er oppteken av at det då skal være ei brei høyring. Evalueringa må også vise konsekvensen av nærskulemodellen for dei elevane som uansett må flytte på hybel.
4. Utdanningsprogrammet naturbruk vert ikkje tatt inn i nærskulemodellen.
5. Utdanningprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama vert tatt ut av nærskulemodellen. Tilboda vert då ikkje bunde opp til søkeren sitt inntaksområde og ungdommane kan fritt søke til den skulen som har den fordjupninga eller profilen dei ønsker.
6. Elevane skal fortsatt ha rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram.
7. Fylkestinget tek til etterretning at informasjonsformidlinga om nærskulemodellen ikkje har vore god nok og peikar på at god nok informasjon og kommunikasjon er viktig for å sikre at inntaksmodellen fungerar slik den skal. Fylkestinget ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivingstenesta i ungdomsskulen, fylkeskommunen og arbeidsliv for å sikre at at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.